Stranda ungdomsskule og
vaksenopplæring
6200 Stranda

21/10-15
TH

Versjon 20.10.15(oab)

# Plan for Natur Miljø og Friluftsliv , 9. klasse og 10.klasse

**Hovudområde friluftsliv:**

| Mål frå læreplan: | Lokal konkretisering: | Vurdering: |
|---|---|---|
| Ferdes mest mulig sporløst, trygt og respektfullt i ulike typer natur og værforhold | *Lære om allemannsretten og føresetnadane for fri ferdsel i utmark.<br>*Fokusere på sporlaus ferdsel, særleg i form av forsøpling, i kvar uteøkt.<br>*Fokusere på estetiske kvalitetar i ulike naturtypar og kva som forsterkar og svekkar opplevingsverdi i eit landskap.<br>*Kunne bygge gapahuk med minst mogeleg inngrep i naturen rundt.<br>*Lære om farar knytt til naturtypane ein ferdast i. Døme:<br>-Krafta i rennande vatn<br>-Laus stein i fjellet<br>-Utglidingsfare på snø<br>-Skredfare<br>-Vurdering av ver og vind<br>* Ha særleg fokus på skredfare i vinterfjellet, og kunnskapar om skred. | *Forsøpling på tur er vurderingskriterium<br>*Vurdere korleis eleven gjer val av råmateriale og brukar natur, ved bygging av gapahuk, sanking av ved etc<br>*Samtalar og refleksjon<br><br>*Prøve om skred |
| Gjøre veloverveide valg av rute og leirplass | *Kunne bruke kart ( Turkart i M711-serien 1 : 50 000) og kompass til å finne fram og gjere trygge vegval:<br>-Kunne orientere kartet<br>-Kunne forstå himmelretningar og knyte gradetal på kompasset til desse<br>-Kunne vurdere brattleik utifrå avstand og ekvidistanse<br>-kunne kjenne att terrengformasjonar i kartet<br>-kunne velje ut gode haldepunkt<br>-kunne ta ut kurs og gå på kurs som gruppe og einskildperson<br>*Kunne legge trygge ruter i terrenget i forhold til brattleik, skredfare, elvekryssing etc.<br>*Kunne finne føremålstenleg leirplass ( trygg, sporlaus, praktisk)<br>*Kunne bygge gapahuk av naturmateriale og hyssing | *Prøve i orientering, praktisk og skriftleg |
| Dyrke, jakte eller hauste frå naturen og benytte, tilberede eller oppbevare ressursene | *Kunne bruke vanleg sportsfiskeutstyr til fiske frå land<br>* Kjenne til og kjenne att vanlege fiskeartar hos oss.<br>*Kunne tenne bål under ulike tilhøve | Praktisk prøve i båltenning.<br><br>Samtalar, samarbeid og vurdering av innsats |

| | | |
|---|---|---|
| | *Kunne lage mat på bål<br>*Kunne bruke stormkjøkken på ein trygg måte, og koke mat på dette<br>*Kjenne til ulike metodar for å ta vare på fisk. | under øving. |
| Forklare hvordan allemannsretten og regler for høsting, jakt, fangst og fiske regulerer ferdsel og bruk av naturen i lokalmiljøet eller regionen | *Kjenne til prisnippa i allemannsretten og kunne vurdere om ulik typar ferdsel i ulikt terreng i ulike årstider er innanfor reglane.<br>*Kjenne lokale fiskereglar, særleg reglar knytt til vassdrag som fører laks og aure.<br>*Kunne reflektere rundt grunnar til reglar og avgrensingar i allemannsretten. | *Samtalar og refleksjon<br>*Prøve om allemannsretten |

**Hovudområde miljø:**

| | | |
|---|---|---|
| Kartlegge hvordan naturen brukes i lokalmiljøet og vurdere om det er en bærekraftig forvaltning av ressursene. | *Kartlegge / bli kjend med turistnæring i lokalsamfunnet.<br>*Vurdere ulike former for turisme og korleis dei forheld seg til miljøet.<br>-Stiller miljøet krav til turistane?<br>-Stiller turistane krav til miljøet?<br>-(Korleis tek vi vare på den balansen?)<br>* Kunne skildre kjenneteikn på berekraftig turisme.<br>* Kunne skildre ulike former for menneskelege inngrep/påverknad i naturen rundt oss. | Prosjekt / Gruppeoppgåve |
| Utforske og registrere lokale miljøendringer og reflektere over mulige forklaringer til endringene. | *Fotografere landskapet på utvalde stadar og samanlikne med eldre foto frå same staden med tanke på attgroing.<br>-registrere attgroing på vald stad<br>-lage liste over mogelege årsaker og intervjue eldre personar om kva dei meiner ligg bak.<br>*Telje artar i planta granskog<br>Og samanlikne med teljing av artar i nærliggande blandingsskog?<br>*Miljøhistorisk vandring langs Fursetelva? | Prosjekt / gruppearbeid |
| Foreslå tiltak som kan bidra til å hindre uønskte miljøendringer. | « Rydd eit kulturminne»<br>«Smil –prosjekt?» -rydde ein setrevoll eller liknande? | Felles prosjekt haust. |